

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Torsdag 1.7.2014

Stad: Flå, Jakt og fiskesenteret

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Torhild Helling Bergaplass, Ål kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune

Endre Storhaug, Nes kommune

– Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar

– Rådmannsutvalet deltok i sak 25 - 30

SAK 25/14 REGIONAL KULTURKOORDINATOR

Vedtak

1. Tiltaket kulturkoordinator i Hallingdal underbyggjer målsettinga i Strategisk plan for Hallingdal 2013-2016 og Hallingdal 2020, og vil bidra til ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Tiltaket vil også styrke regional samhandling og vera ein ressurs for lokale kulturtildelte. Den økonomiske fordelingsnøkkelen gjev forankring og eigarskap i alle hallingdalskommunane.
2. Regionrådet for Hallingdal tilrår ei vidareføring av prosjektet «Kulturkoordinator i Hallingdal» for perioda 2016-2017.

SAK 26/14 SAMFERDSEL, DRØFTING

Med bakgrunn i Hallingtinget og Regionrådet sine drøftingar og konklusjonar vedr. aust – vest samband, drøfta Regionrådet korleis det skal arbeidast vidare. Denne saka blir og tema på neste møte i Regionrådet.

SAK 27/14 INN PÅ TUNET

I saka deltok Marit Torsrud Nerol, prosjektleiar Inn på tunet-løftet Hallingdal, Per Egil Kolsrud rektor Torpo skule og Ellen Kathrine Haga Larsen ruskonsulent Nes kommune.

Marit Torsrud Nerol orienterte kort om status for Inn på tunet-løftet Hallingdal, vedlagt faktaark for prosjektet og statusrapport over Inn på tunet tilbydarar i Hallingdal.

Mål for Inn på tunet-løftet Hallingdal er m.a. at alle kommunane i Hallingdal skal bli med på å utvikle tverrsektorielle modellar for å prøve ut inn på tunet- tenester både i eigen kommune og mellom kommunane i Hallingdal. I dag er det totalt 12 avtalar i Hallingdal.

Per Egil Kolsrud og Ellen Kathrine Haga Larsen fortalte om erfaringar med kjøp av Inn på tunet tilbod i eigen kommune. Erfaringar som var udelt positive.

Det vart og orientert om Inn på tunet konferanse som Inn på tunet-løftet i Hallingdal og Inn på tunet Buskerud skal arrangere 9. oktober 2014. Vedlagt utkast til program.

**SAK 28/14 MØTE MED POLITIMEISTER SISSEL HAMMER,
NORDRE BUSKERUD POLITIDUISTRIKT**

I saka deltok politimeister Sissel Hammer og regionleiar i region Nord, lensmann Arve Bjerke. Utgangspunktet for møte var politi og lensmannssituasjon i Hallingdal, i forhold til m.a. rekrutteringssituasjonen og problem med rekruttering av lensmenn utan fast tilsetjing.

Sissel Hammer orienterte m.a. om organiseringa av Nordre Buskerud politidistrikt, bemanningssituasjon, prioriterte arbeidsoppgåver og resultat, vedlagt presentasjon. Prioriterte arbeidsoppgåver i forhold til Hallingdal vil bli nærmere utdjupa.

I påvente av handsaming av politireforma, sannsynlegvis våren 2015, blir det ikkje tilsett lensmann i Ål i fast stilling. Men lensmannsstilling blir lyst ut etter ferien med førebels tilsetjingsperiode frå 1.1.2015 – 31.12.2015. Forholdet om fast tilsetjing gjeld og for lensmannsstillingane i Gol/Hemsedal og Nes.

Politidistriket har fått tildelt 4 nye årsverk polititilsette, med tilsetjing frå 2.halvår 2014. To av desse stillingane skal til region Nord. Til denne type stillingar er det ikkje noko problem med rekruttering.

Det var semje om at denne type møte har stor verdi og bør skje 1-2 gonger i året.

**SAK 29/14 HALLINGDAL LOKALMEDISINSKE TENESTER, VIDARE
FRAMDRIFT**

Oddvar Grøthe orienterte om møte i styringsgruppa for Hallingdal Lokalmedisinske tjenester 23.6.2014, vedlagt referat. Regionrådet/rådmannsutvalet drøfta m.a. korleis det vidare arbeidet kan forankrast på ein best mogeleg måte. Som eit konkret tiltak vart det bestemt at det skal arrangerast ein temadag 5.september 2014, der rådmannsutvalet og prosjektet har ansvar for planlegging og tilrettelegging.

SAK 30/14 EVENTULET**Skatteinnkrevjing**

Regjeringa ynskjer å flytte ansvaret for skatteinnkrevjing frå kommunane til staten, ut frå ei tru om betre og meir effektiv ressursbruk. Hallingdal har i dag eit felles innkrevjingskontor som har ansvar for å krevje inn både statlege og kommunale krav.

Dagens organisering gjev etter Regionrådet sitt syn ei effektiv innkrevjing, basert på nærleik til innbyggjarane og kunnskap om lokale forhold. Dette er noko av forklaringa til låge restansar både når det gjelder skattekrav og kommunale krav. Ei statleggjering vil etter Regionrådet sitt syn også gjera det vanskelegare og meir ressurskrevjande å finne gode betalingsløysingar for innbyggjarane.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vil følgje opp forslaget frå regjeringa om ei statleggjering av skatteinnkrevjinga. Dagens organisering med eit felles innkrevjingskontor for Hallingdal, gjev etter Regionrådet sitt syn ei effektiv innkrevjing, basert på nærleik til innbyggjarane og kunnskap om lokale forhold. Ei statleggjering vil etter Regionrådet sitt syn også gjera det vanskelegare og meir ressurskrevjande å finne gode betalingsløysingar for innbyggjarane.

Regionrådet for Hallingdal stiller og store spørsmål ved «timing» i forhold til ny kommunereform og vurdering av kva oppgåver som kan overførast frå staten til kommunane.

Bufetat

Regionrådet ynskjer ei nærmare orientering Bufetat og tilbod i Hallingdal.

Dagleg leiar følgjer opp dette.

SAK 31/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL

Vedtak

Protokollen er godkjent.

Flå 2.7.2014

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Torhild Helling Bergaplass, Ål kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Endre Storhaug, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune

Vedlegg:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 27/14 | - Faktaark for prosjektet Inn på tunet-løftet Hallingdal |
| | - Statusrapport over Inn på tunet tilbydarar i Hallingdal pr 01. 07. 2014 |
| | - Utkast program Inn på tunet konferanse |
| Sak 28/14 | - Presentasjon, politimeister Sissel Hammer |
| Sak 29/14 | - Referat møte i styringsgruppa for Hallingdal Lokalmedisinske tenester 23.6.2014 |